

Frå rektor til netttjurist

Marit Håkonsen var rektor ved Samnanger ungdomsskule i to år. No har ho vorte jurist i Noreg si første retts-hjelparkjede. Webjuristene tilbyr rimeleg juridisk hjelp til folk flest via internett.

Då Marit valte å slutta som rektor ved Samnanger ungdomsskule i 1999, var det for å ta opp igjen dei juridiske studia sine. No er ho altså ferdig utdanna jurist og ein av ti deltakarar i den nyetablerte retts-hjelparkjeden Webjuristane.

Webjuristane sin misjon er todelt, informerer Marit. For det første ønskjer dei å gje eit rimelegare tilbod til folk som bruker advokatar frå før. For det

andre ønskjer dei å gje eit rimeleg tilbod til folk som aldri har hatt råd til å bruka advokat.

For å bruka advokat, er ikkje spesielt billig og mange lar heller ei sak liggja enn å ty til advokathjelp.

Eit gjennomsnittleg advokathonorar ligg i dag på i overkant av 1300 kroner timen. Webjuristane tek omtrent det halve for sine tenester.

Ein retts-hjelpar har den same juridiske utdanninga som ein advokat, og fungerer som ei alternativ yrkesgruppe til advokatar, fortel Marit. Retts-hjelparane i Webjuristene hjelper folk flest med å løysa juridiske problem som ein som privatperson kan koma borti; dei kan setja opp testamentar og avtalar, svara på spørsmål og hjelpa til i ulike saker, først og fremst utanfor domstolen.

Kommunikasjon med ein retts-hjelpar hos Webjuristene går i hovudsak føre seg via internett. På denne måten slepp klienten å bruka tid og pengar på å reisa for

å ha møter med retts-hjelparen, og Webjuristane slepp å betala for lokale. Kommunikasjonen går ikkje føre seg via e-post, men på ei kryptert nettside slik at ein kan kommunisera trygt om si juridiske sak.

